

MØTEPROTOKOLL

Styremøte for Sotra og Øygarden brannvesen IKS

Møtestad: Ågotnes brannstasjon, møterom Hydranten
Dato: 24.04.2017
Tidspunkt: 13:00 - 15:50

Følgjande medlem møtte	Funksjon	Representerer
Per Rune Eikeseth	Leiar	Sund kommune
Nina Glesnes	Medlem	Sund kommune
Sveinung Vethe	Medlem	Fjell kommune
Svein Bergh	Medlem	Fjell kommune
Silvia Haugland	Medlem	Øygarden kommune
Jørgen Kausland	Medlem	Tilsette
Jarl Martin Hestad	Vara for Eirik Monssen	Tilsette
Fråfall		
Olav Martin Vik	Nestleiar	Øygarden kommune
Eirik Monssen	Medlem	Tilsette
Andre som møtte		
Per Heiberg-Andersen	Prosjektleiinga	KPMG
Bjerg Rabbe Sandven	Prosjektleiinga	KPMG
Nils Anders Mæland	Varabranssjef	Sotra Brannvern IKS

Leiar



Medlem

Medlem

Medlem



Medlem



Medlem



Medlem

Sak nr.	Innhald
9/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
10/2017	Godkjenning av møteprotokoll
11/2017	Val av brannsjef/dagleig leiar
12/2017	Status prosjektet og arbeidsstrømmar
13/2017	Orienteringssaker
	Eventuelt

Sak 9/2017 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan endringar.

Sak 10/2017 Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i møtet:

Det kom følgjande innspel til protokollen frå styremøte 19.01.2017:

- Sak 4/2017: Det bør presiserast i protokollen endringa av styreinstruksen som vart foreslått.
- Eventuelt: Det bør presiserast i protokollen at styreleiar ville ta ein munnleg dialog med brannsjefane i forhold til å starte opp att samtalar med Statoil om samarbeid.

Styreleiar vil i etterkant av møte sende ut den endelege eigarskapsstrategien som vart vedteken av dei tre kommunestyra til styret.

Vedtak:

Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent med nemnde endringar.

Styremedlemene som var tilstade i møtet signerte protokollen frå førre møte.

Sak 11/2017 Val av brannsjef/dagleg leiar

Handsaming i møtet:

Arbeidsgruppa som har handsama prosessen i samband med tilsetjing av ny brannsjef/dagleg leiar la fram deira arbeid og innstilling.

Arbeidsgruppa har hatt samtalar med begge brannsjefane. Den eine brannsjefen valte å trekke seg som kandidat til stillinga som brannsjef i det nye selskapet.

Vedtak:

Styret vedtok einstemmig å tilby Bjørn Olav Paulsen stillinga som brannsjef/dagleg leiar i Sotra og Øygarden brannvesen IKS.

Sak 12/2017 Status prosjektet og arbeidsstrømmer

Handsaming i møtet:

Prosjektleiar frå KPMG orienterer om status for prosjektet og dei tilhøyrande arbeidsstrømmane.

Nils Anders Mæland informerte om kartlegginga av vilkåra i dagens to organisasjonar.

Vedtak:

Styret tok informasjonen til orientering.

Sak 13/2017 Orienteringssaker

Handsaming i møtet:

Det vart orientert om:

- Eigarskapstrategien for SØB IKS er vedteken i dei tre kommunestyra.
- KPMG orienterte om allmøte.
- Stryeleiar orienterte om status for styreopplæring.
- Styreleiar orienterte om at han har gjort varaordfører i Fjell kommune merksam på at kommunen må bytte ut eit styremedlem for å sikre kjønnsbalanse i styret.
- Stryeleiar orienterte om status i forhold til om SØB IKS skal levere tenester til Statoil sine anlegg i Øygarden. Brannsjefane og styreleiar har hatt eit møte med Statoil.
- Silvia Haugland orienterte om status i forhold til omdisponering av midlar som var avsett til verdifastsetting. Dette skal handsamast i neste kommunestyremøte i Øygarden kommune.

Vedtak:

Styret tok informasjonen til orientering.

Eventuelt

Namn for det nye selskapet

Styreleiar informerte om at det er planlagt felles kommunestyremøte i dei tre kommunane Sund, Øygarden og Fjell 21. juni. I dette møtet skal det blant anna gjerast vedtak om nytt kommunenamn.

Vedtak:

Styret vil vurdere å foreslå å endre selskapsnamn på SØB IKS i samsvar med det nye kommunenamnet, når det er avklart. Det skal ikkje gjerast endringar i profileringselement før nytt kommunenamn er vedteke.

Stillingsinstruks

Styreleiar hadde i forkant av styremøte sendt ut forslag til stillingsinstruks for brannsjef i SØB IKS.

Vedtak:

Stillingsinstruksen skal følgje med tilbodet som vert sendt ut til den instilte brannsjefen. Styret avklarar stillingsinstruksen i etterkant av møtet.

Neste styremøte

Vedtak:

Neste styremøte vert halde måndag 22. mai, klokka 13 på Ågotnes brannstasjon.